



MØTEPROTOKOLL

Utval: Temagruppe for kulturbygging i Nye Volda Kommune

Møtestad: Øyra skule

Dato: 11.03.19

Tid: 16:00

Faste medleamar som møtte:

Namn	Funksjon
Odd Harald Sundal	Leiar
Astrid Gjersdal	Medlem
Sigurd Tverberg	Medlem
Kristine Sofie Orheim Hansen	Medlem

1. Referat frå forige møte vart gjennomgått og godkjent.
2. Vennebenkar orientering:
Hornindal sin benk til Volda er ferdig, Volda sin benk til Hornindal er under produksjon og vil vere ferdig om ikkje lenge. Ein vil og ha eit opplegg rundt avdukinga av benkane
3. Sigurd Tverberg orienterte om status på ungdomsarrangementet:
Han har vore i kontakt med Rokken og har avtalt møte der ein skal diskutere detaljar.
4. Kulturbyggingsmidlar, søknad frå gutelaget og jentelaget 2001-2005 i Hornindal:
Dei søkjer om midlar til ein ute-kino for gute- og jentelaget i Volda og Hornindal. Med dette arrangementet ynskjer dei å starte eit tettare samarbeid mellom dei to laga.

Dei søkte om 21.000kr. Søknaden vart innvilga.

5. Kulturbyggingsseminar:
Seminaret skal halde til på Øyra skule. Ein byrjar med at foredragshaldar Marit Neraas Krogsæter held eit foredrag på 20-30 minutt. Gruppa ynskjer at ho kjem innom dei nedsette kulepunkta:
 - Økonomi og tilskot
 - Lokale anlegg
 - Aktivitet og treffpunkt



- Nye idear

Desse punkta vil seinare danne grunnlaget for dei ulike postane deltakarane skal delta på.

Odd Harald Sundal vert konferansier. Astrid Gjersdal vil ha ansvar for Økonomi og tilskot posten, Sigurd Tverberg for lokale anlegg, Kristine Sofie Orheim Hansen for Aktivitet og treffpunkt og Anett Mari Bugjerde for Nye idar.